Det kom spørsmål frå Landslaget om Vest- Agder saualslag saman med Aust Agder sau og Geitalslag kunne ta årsmøtet i NSG i 1953. Fylkeslaget var interessert i dette og møtet vart halde i Kristiansand den 20. og 21. mars. Etter årsmøtet vart det skriva i "Sau og Geit": "Årsmøte i 1953 var vel det skarpaste laget har hatt, men det var vel på alle måtar vellukka, slik som alle årsmøta til Norsk Sau og Geitalsalg har vori. Mellom dei som har stelt i stand og greidd opp med dette årsmøtet, vil vi fyrst og fremst takka fylkesagr. Histøl og Grandsen. Dei har hatt eit stort arbeid og gjort det godt. " Fylkeslaget fekk kroner 200,- av samsslakteriet Kristiansand i samband med årsmøtet i NSG

Ullomsetninga vart drøfta på fleire møter. Fleirtalet i styret gjekk inn for at Norsk Ullsenter vart organisera i samsvar med framlegg utarbeidd av NSG. Fylkeslaget betalte kroner 500,- for medlemsskap i N.U. Dette beløpet skulle dekkast ved at medlemene i lokallaga betalte kroner 2,-/medl. I 1962 fekk fylkeslaget att kroner 498,65 frå N.U. Ullmottakarstasjonen ved Agder samsslakteri kom no i drift.

Reglane for sauesjåa og poengdøminga som vart innført i 1953 var oppe til drøfting fleire gonger- likeså avdrottskontrollen av sau. Det var berre T. R Tjørhom , Jakob O. Omland og Trygve Hompland som hadde prøvd dette. Møte på Storekvina 23.11.53 gjorde slikt vedtak: "Årsmøtet vil oppmode statskonsulenten om å vise stor varsemd når det gjeld innføring av poengdøming av sau. Ein meiner at resultatet av denne døminga på dei ymse sauesjåa i Vest Agder viser at det bør farast varsamt fram. Årsmøtet tykkjer også at ættpoenga for verar tel noko mykje. Når det gjeld avdråttskontroll av sau så meiner ein at ulempene med den er så mykje større enn fordelane at ein trur svært vanskeleg å få det innført. Ein meiner at sauene kontrollerer seg sjølv meddi dei møter med avdråtten sin på sjåa og premiegraden sauen har, garanterer for avdråtten tidlegare år.
Ein vil og så sterkt ein kan, oppmode statskonsulenten om at han rår til at det påny vert høve til å stille søyer til avkomsdøming."
Reglane vart endra i 1956 og då vart det høve til avkomsdøming av søyer.
Nye reglar for småfesjå kom i 1961 og frå då kan ein seia at krav om avdrottkontroll vart innført. Same året gjorde fylkeslaget vedtak om tilskiping av sentralsjå for dalaverar. Sjået

vart fyrste gong halde i Kvinesdal 22.09.62 . Det vart innmeldt 47 vaksne verar og 148 risbitar.

Reglane for erstatning for tap av sau på beite var oppe til drøfting og uttale på fleire møte utetter på 1960- talet. Omsetnaden av sauekjøt og uttale om jordbruksarter var og saker som gjekk att.
Kløyvinga etter årsmøtet i NSG på Ringsaker i 1966 førte til at Norsk Småfelag vart skipa. Dette laget var i drift frå 1968 til 1970. I same tidsrom vart fylkeslaget her utmeldt frå NSG og tilslutta Småfelaget. Norsk Småfelag hadde årsmøte i Kristiansand den 12.03.70. Eit på alle måtar vellukka landsmøte



*Topp sløyfelam Kvinesdal 2000*
*Øvre Rafoss, Olav Gyland, Odd Terje Rossland.*
Ovre

**Ny avlsplan og ny tid**
1970 var året då den nye avlsplanen og nye utstillingsreglar vart sett ut i livet. Fylkeslaget, og fleire av lokallaga hadde tidlegare kome med merknader til planen. Derfor finn ein det rett i å sjå på kva plass Vest Agder-sauen hadde før dette nye kom og som fekk så stor motbør, ikkje minst her i Vest Agder. Ein tek difor med noko frå årsmeldinga for Vest Agder landbruksselskap åra 1958 og 1959:

## Landsdelsjået på Voss for sau og geit

Gjennom åra har det gått gjetord om dalasauen i bygdene og sausjået på Voss. Og det har vore eindel byte av avlssau mellom Vestlandet og Vest-Agder. Mange sauekarar i fylket var derfor huga på ein Vosse-tur og på ei tevling med sauefolk der vest. Sauen toler betre å ta på langreis enn kua, enda sume syntest det var eit heller vågsamt tiltak.
Det vart innmeldt i alt 68 katalognr. av dalasau frå VestAgder. Dei fleste av dyra vart også meldt inn til fylkessjå og vart synt fram på eit av desse der.

Domarane gav rettleiing om kor dyret helst burde bli stilt ut. Etter dette vart det 13 utstillarar som reiste med 23 sauer, 4 vaksne verar, 8 risbitverar, 4 søyer

med lam og 7 gimrar til Landsdelsjået. Elleve var frå Kvinesdal, elleve frå Eiken og ein frå Åseral. Alle dyra hevda seg sers godt i den harde tevlinga, med di 11 fekk 1. pr. og 12 fekk 2. pr., og alle stod godt i kvalitetsoppstillinga kvar i sine klasser. Mellom del vaksne verane stod Rygdølen 10190, eigar Søren Aasland, Åseral, fremst med 85,0 i poengsum og Breirugg 10248, eigar John Hauge, Eiken, på andreplassen med 84,0 i poengsum. Begge fekk såleis 1. pr. To andre verar i same klassa, fekk og 1. 1. pr. Åsrygg 8416, T. R. Tjornhom, Kvinesdal, stod som nr. seks. Også i risbitklassa stod verane frå Vest-Agder sers godt med Mondølen, eigar Tønnes Røyseland, Kvinesdal, som spiss med 78,0 poeng. Elles hadde Trygve Hompland, Kvinesdal, nr. 4 og nr. 5 I klassa. Alle 4 søyene fekk 1. pr. Både Soløyra til Ingvald Aa. Eiken, Eiken og Frida til Tønnes Røyseland, nådde 66,0 i poengsum, høgste poengsum som vart gjeve for søyer på sjået. Fem av gimrane fekk 1. pr. og to 2. pr. Lenka til Olav Thorsland, Eiken, vart utpeikt som den nestbeste I den store gimmerflokken som møtte. Attåt dei vanlege premiane fekk vestegdene i alt 10 av dei oppsette gåvepremiane pa sjået, m. a. sølvstaup frå Hordaland Landbruksselskap og sølvpremiar frå kommunar, sparebankar og verksemder i distriktet.

Landbruksselskapet betalte jernbanefrakta for sauene som møtte på sjået. Og alt gjekk greitt på ferda. Omframt utstillarane var det mange vestegder som tok turen til Voss Og til dette sjået var alt lagt sers godt tilrette Det var mykje handel med livdyr og for dei beste verane vart det betalt ut fulle hingsteprisar. Vestegdene selde såleis verar for omkr ing 30 000 kroner. Både utstillarane og dei andre var særs godt nøgde med ferda.

**Landbrukets jubileumsutstilling**

Til avdelinga for småfe på jubileumsutstillinga hadde Vest-Agder fått høve til å møte med 11 ktnr. av dalasau. Trass i den uvanlege årstida for sauesjå var det stor interesse mellom sauealarane for å få møte med sau på utstillinga. Etter knivskarp tevling utover vinteren og vårparten vart det innmeldt det fastsette sauetalet, men bare ni kunne møte, 2 vaksne verar, 1 risbitver, 4 søyer med lam og 2 gimrar. Likt med på landsdelssjået på Voss året før kom den utstilte dalasauen frå Vest-Agder fremst i kvalitetsoppstillinga av dei ymse klassene av dalasau. Mellom dei vaksne verane vart såleis Rygdølen 10190, eigar Søren Aasland, Åseral, stilt fremst med 87,0 i poengsurn og med brorsonen, Breirugg 10248, på andreplassen med same poengtalet. Dei to andre verane fekk 2. pr. med gode poengtal. Alle søyene og begge gimrane fekk 1. pr. Søya Fjelldøla, heilsøster til Rygdøelen 10190, vart bassau med 66,0 poeng, medan Kjempa til Johan J. Vatne, Eiken, kom på andre plassen med 64,0 poeng. I gimmerklassa kom John Hauge, Eiken, fremst med Dalafina og Trygve Hompland, Kvinesdal, på tredjeplassen med Storekvina. Sølvpokalane til dalasau på jubileumsutstillinga gjekk til Søren Aasland og John Hauge.

Dei som møtte på Ekeberg med sau frå Vest-Agder, var mykje godt nøgde med resultatet. Og alt gjekk greitt både på reisene og på utstillingsplassen.

**Organiserte sankelag**

Det kom meir nytt i 1970. Ordninga med tilskott til organisert saucsanking vart innført. Seinare har ordninga vorte utvida til og å gjelde storfe og geit som ikkje vert brukt i mjølkeproduduksjon og namnet er endra til organisert beitebruk.

Øvre Sirdal, Tonstad, Eiken Hægebostad og Gyland kom først i gang med organisert sankelag. I 1975 var det 12 organiserte sankelag registrerte i Vest Agder med 10.800 sleppte sau og lam, tapet var 3,7%. I 1985 var talet 29 lag med 18.900 slepte, tapet var 3,9%- året før var tapet 5%, men då hadde me mykje jerveskade, særleg i Hægebostad. 1995; 26 lag, 39.600 sleppte- tap 6%. I tillegg var det 344 storfe og 7 geit med i ordninga.



*Olav Gyland, 9339378 Gylfriis.*

**Åra etter 1970**

I 1972 vart det skipa til private sauesjå i Eiken og Kvinesdal.
På årsmøtet i 1973 vart det vedteke at representasjonen til årsmøte i V.A..S skulle aukast- 1 utsending for kvart påbyrja 10. medlem- maks 4 frå kvart lokallag.



*Veremønstring Gyland.*

Elles var det mykje av dei same sakene som tidlegare år:

- Resolusjon-føre jordbrukstingingane
- Resolusjon-stjerneklasse på lam
- Resolusjon -ørn og rovdyrplaga
- Krav om revisjon av reglane for sauesjå
- Tilråding om ekstra kraftforrabatt til sau p.g.a tørkeskade- ku og geit fått.
- Føreteljing om "fåren for spreiing av mædisinnsmitte"
- Innstilling til styremaktene mot "Træning av jakthunder i den tida bufe beiter"

Gjetarhundnemnd vart oppnemnd på årsmøtet i 1976. Desse var Jan Bjørn Andreassen, Søgne, Trygve Myre, Sirdal og Olav T. Tveit, Åseral. Seinare har dette med gjetarhundarbeid halde fram, men med noko ulik organisering.

**1980-Vest Agder Landbruksselskap 150 år**

Det vart skipa til jubileumssjå i Kvinesdal 11. oktober. Dei som var der vil nok særleg minnast søya 158. Åsa fødd 1972 på NLH-Garsdbruket, Ås. Eigar: Jan Bjørn Andreassen, Søgne. Denne søya var mor til 4 verar med god indeks og 5 søyer med høge indeksar og god avdrått. Søgne fekk sin velfortente ærespremie. Ein vil nok og minnast avkomstgruppa etter 752591 Njord, indeks120/130. Eigar Midt Agder Verering. Dette var og ei gruppe som ruva godt. Veren fekk ærespremie. Elles var alle dyra som møtte av svært god kvalitet. Fylkesagronomen hadde handplukka av dei beste som hadde møtt på sauesjå tidlegare på hausten. Det møtte 50 kåra verlam 39 kåra søyelam, 13 gimrar m/lam, 18 søyer m/lam og 12 indeksverar i tillegg til dei to nemnde dyra med æresgrad.

**Avlsplanen vart revidert og det kom nye reglar for sauesjå**
Av saker som fylkeslaget hadde oppe til drøfting og uttak kan nemnast:

- Mædisituasjonen og Rogalandssauen
- Lov om viltet
- Avdråtts og efffektivitetsnormene for sauehald
- Fylkeslaget kosta foldar. " Kva alle saueeigarar bør vite om sauekontrollen".
- Endring av fylkeslaget sine lovar. "I styret for fylkeslaget sit 5 medlemer som vert valde på årsmøtet"- gjort gjeldande frå 1983.

**Rovdyrproblematikken gjer seg gjeldande**
1984 : Rovdyr og laushundnemnd oppretta. Valde: Knut Eiken, Harald Svendsvoll, Melvin Galdal og Gunnar Fløystad. Nemnda var i arbeid nokre år- seinare tok styret i fylkeslaget over. Det var særleg jerven som var skadegjerar på 1980- talet. Fellingsløyve vart gjeve etter søknad støtta av fylkeslaget. ~~Ein kom på spor etter jerven som var skadegjerar på 1980 talet. Fellingsløyve vart gjeve etter søknad støtta av fylkeslaget~~. Ein kom på spor etter jerven, men klara ikkje å felle dyret.

**Kåra verlam**
Utlån av kåra verlam kom i gong i 1981. Agro gav rentefrie lån. Dei fyrste åra var det lokallaga som ordna med dette. Frå 1986 tok fylkeslaget overansvaret med utlånslamma, seinare vart Knut Eiken vald av styret til å ordna med dette. Som åra før gav Agro rentefrie lån. Same året vedtok fylkeslaget å betale vaksinisasjon mot pulpanyre for alle kåra verlam på sauesjåa. Dette har laget halde fram med seinare. Talet på kåra verlam til utlån var på det meste oppe i 100 lam om året. Ordninga held fram til midten på 1990-talet.

**Tsjernobyl-bequerell**
Atomkraftulukka ved svartehavet lærte oss eit nytt ord- bequerell. - Dei fleste av oss hadde nok ikkje høyrd tale om eit slikt ord. Mange av sauene våre kom heim frå utmarksbeite med radioaktivt cesium i kroppen- det måtte nedforing til. Seinare har me måtta sanka inn sau frå fleire av utmarksbeita her i fylket før vanleg sanketid og for desse målt radioaktivetet. Verdiane av radioaktivt cesium har gått sakte, men sikkert nedover.

**Møteserie med Arvid Brun**
I tida 16/1-20/1-89 var det halde møteserie med Arvid Brun . Dei som var med på nokon av desse samlingane vil minnast desse dagane med glede.

**Samling av indeksverar**
Styret i fylkeslaget gjorde vedtak om å ha ei samling av alle indeksverane i fylket etter at indeksverane var kome om hausten. Fyrste samlinga var 28.10.89 i Kvinesdal. Året etter var mønstringa på same staden. Regn og ruskever så seint på hausten gjorde at ein måtte finne ein stad innandørs for samlinga. I 1991 vart veremønstringa lagd til Lyngdal Jordbruksskule- ein fekk der nytta eit større reiskapshus slik at verane kunne vere under tak. Mønstringa heldt fram til 1995. "Skrapespøkelset" der vest sette ein stoppar for tiltaket. For dei som står sentralt i avlsarbeidet og for omsetnaden av indeksverar og elles alle andre som er interesserte i sau, så var mønstringa eit mykje godt tiltak. Vest Agder sauealsalg og Fylkeslandbrukskontoret i V-A stod som tilskipar. Vi vonar at denne veremønstringa kan koma i gang att seinare.



*Mynstra spællum Kvinesdal 1999.*

**Fjelldagar**
Slike samkomer har det vore fleire av, nemner berre:
Fjelldagen og formannsmøte på Nesjen i 1981. Dette markerte og 30 års jubileum for fylkeslaget. Ellers må ein og nemnda fjelldagane i 1992 som det året vart lagt til Uvdal i Buskerud i tida 16-19 juli, der deltok 60 stk. Me måtte ha to busssar. Ein starta frå Vanse og ein frå Eiken.Turen gjekk frå Evje til Haukeli vidare til Rjukan, over Tessungdalen til Brøsterud pensjonar der me budde.- Ein avstand på ca 50 mil.
Arvid Brun var ansvarleg for opplegget. Me vitja mellom anna fleire gardar med sau, må nemna garden til Ola Vindegg, den veren Vind Fin er ala frå. Vidare vitja me slakteriet på Gol og Langedrag Leirskule. Gilde Agro og felleskjøpet var med på å sponse turen og deltok med innslag. Heimreisa gjekk frå Uvdal til Kongsberg, vidare til Seljord, Åmli og heim. Det vart mykje køyring, men deltakarane var svært godt nøgde med turen og opplegget.

"Sauelaget i utvikling" var eit prosjekt som fylkeslaget var med og støtta. Prosjektet starta opp i 1992 og Signe Dahl var fyrste prosjektleiaren, seinare tok Jon Lilleslett over. Dette tiltaket var avslutta i 1996.

**Rovdyrplaga og rovdyrforvaltninga**
Dette er saker som har teke svært mykje tid utover på 1990-talet. Kongeørn har gjort skade, gaupeskader har det jamnt vore. Til all hell fekk me her i fylket til noko gaupejakt. Sporingtilhøva har diverre vore dårlege dei to månadene det har vore høve til å driva jakt. Nokre gauper er felte her i fylket, men ein har ikkje makta å redusere gaupebestanden til det som er ynskjeleg sett frå sauehaldets synsstand. Bjørn hadde me dok. skade av i 1997, men i fleire andre år har nok bamsen streifa innom. Jerv har me merka mindre til, streif har det vore. Ulv har nok og vore her til tider og denne skrubben som kom i 1999 vart heldigvis felt våren 2000. Fylkesmannen gav fellingsløyve og de er me mykje takksame for. Om gråbein hadde vorte verande her ville me nok fått eit blodbad utan sidestykke beitesommaren 2000.

**Skrapesjuke der vest**
Problemet med skrapesjuke har råka sauehaldet svært hardt. Sjukdomen har ikkje blitt påvist i vårt fylke, men for V.A.S har det ført til svært mykje møteverksemd, ekstraarbeid og ulemper. Ein vil vona forskarane kan finna rådgjerder, slik at sjukdommen kan utryddast.



*Risbiter - Åseral 1999.*
*9838706 - 996 - 999 - 9839000 - 009 - 039 - 043 - 044.*

# Vereringane



699919 Bosse, indeks 125.

*Fyrste vereringen i fylket blei starta i Åseral hausten 1967. Her blei sett inn 12 verar. Det var ymse vanskar i starten, men ringen fekk granska 9 verar og dei tok hausten 1968 til att med 10 nye insette verar og hadde att den beste granska veren som elitever.*

Hausten 1968 sette og Midt Agder Småfelag i gang ein verering med 12 verar. Her kunne ein bygge på røynsler frå Åseral. Starten i denne ringen har gått greitt. 3 av medlemene var frå Iveland.
Vestre Agder Verering kom i gang hausten 1969, med tilslutnad frå Bakke, Gyland, Fjotland og Kvinesdal. Opptaket blei gjort i Gyland, og det var her ein fann dei fleste medlemene. Laget sette inn 12 verar til gransking, men hadde ikkje nokon indeksver.
Det var meininga at ein måtte organisere eit samarbeid mellom vereringane i fylket, så ein kunne få betre plan i innsettinga av prøveverar, og sikre betre utnytting av dei granska verane.
Hausten 1970 starta vereringane opp med 57 medlemer og 1312 innmeldte sauer. Det blei sett inn 30 prøveverar. Alle ringane gjekk dette året inn i eit samarbeid med skifte av prøveverane over heile området. Denne ordninga synte seg å bli tungrodd og heldt ikkje fram. Frå hausten 1971 kom det i stand samarbeid mellom Åseral og Vestre Agder verering.
Hausten 1972 blei 4 saueflokkarfrå Øvre Sirdal tilslutta Vest Agder Verering og i tillegg medlemer frå Farsund.
Eit liknande samrbeid kom i gang mellom Midt Agder Verering og Froland/Landvik i Aust Agder.Dette samarbeidet heldt fram til og med 1983, då det kom mistanke om "mædi" i ust Agder. Hausten 1985 kom det nokre medlemer frå Lista og Lyngdal i Midt Agder Verering. Frå 1994 har Lista og Lyngdal drive i lag og resten av Midt Agder for seg , men i ein ring. Sirdal starta hausten 1975 sin eigen ring. Dei sette inn 12 prøveverar og 2 eliteverar.

TOPPVERAR 1968-2000-VEST AGDER

Verane på denne lista er fødde og granska her i Vest-Agder og best i sin årgang. Verar frå ander fylke som er granska her i same tidsrom er ikkje tekne med.

1968: 672862 Rudlar f.h. Sigmund Rudlende, Eiken.
ind. 112 Ring 111 Åseral.

1969: 672874 Heggtor f.h. Olav Georg Tveiten, Eiken.
ind. 112 Ring 111 Åseral.

1970: 692835 Erakar f.h. Sigurd Brastad, Konsmo.
ind. 114 Ring 113 Vestre-Agder.

1971: 702890 Tin f.h. Olav T. Ljosland, Åseral
ind. 117 Ring 120 Vest-Agder.

1972: 712878 Rak f.h, Jakob Rekevik, Finsland.
ind. 120 Ring 112 Midt Agder.

1973: 722812 Grei f.h. Sigurd Brunvatne, Brennåsen,
ind. 112 Ring 112 Midt Agder.

1974: 732871 Åsdøl f.h. Olav Eikerapen, Åseral.
ind. 125 Ring 120 Vest-Agder.

1975: 742824 Søgning f.h. Jan Bjørn Andreassen, Segne
ind. 117 Ring 120 Vest-Agder.

1976: 752817 Jeppe f.h. Alf Voreland, Vennesla.
ind. 111 Ring 112 Midt Agder.

752872 Ousdelen f.h. Ola J. Ousdal, Tonstad. ind. 111 (R-T-D) Ring 114 Sirdal.

1977: 762822 Frøy f.h. Jan Bjørn Andreassen, Søgne.
ind. 124 Ring 112 Midt Agder.

1978: 773025 Fusf.h. Jan Bjørn Andreassen, Søgne.
ind. 125 Ring 112 Midt Agder.

773159 Brygar f.h. Arvid Eryggeså, Eiken. ind. 125
Ring 120 Vest-Agder.

1979: 782937 Rygar f.h. Kjell Trodahl, Kvinesdal
ind. 118 Ring 120 Vest-Agder.

1980: K 790114 Åsar f.h. Olav Eikerapen, Åseral.
ind. 125 Ring 120 Vest-Agder.

1981: K 800216 Stig f.h. V-A Landbrukss., Søgne.
ind. 118 Ring 114 Sirdal.

1982: K 810766 Trym f.h. Trygve Myre, Tjørhom.
ind. 119 Ring 114 Sirdal.

1983:8237574 Nesjenf.h. Melvin Galdal, Kvinlog.
ind. 123 Ring 120 Vest-Agder.

1984: 8337695 Kveiken f.h. Jan Ejørn Andreassen, Søgne
ind. 123 Ring 112 Midt Agder.

1985: 8438016 Sterk f.h. Finn F4ø11, Holum.
ind. 125 Ring 112 Midt Agder.

8438085 Sirdøl f.h. Jørgen Haugen, Tjørhom. ind. 125
Ring 114 Sirdal.

1986: 8537702 Vågsfjell f.h. Arvid Bryggeså, Eiken.
ind. 116 Ring 120 Vest-Agder.

1987: 8637689 Palle f.h. Per Tjørhom, Tjørhom.
ind. 117 Ring 114 Sirdal

1988: 8737795 Super f.h. H. Svendsvoll, Vanse.
ind. 119 Ring 112 Midt Agder.

1989: 8837795 Lyngson f.h. Jan Bjørn Andreassen, Søgne
ind. 114 Ring 112 Midt Agder.

8837833 Brei Solvang f.h. Arne M. Robstad, Vennesla md. 114
Ring 112 Midt Agder.

1990: 8938055 Råstad Gynt f.h. Karsten Sola, Vanse.
ind. 123 Ring 112 Midt Agder.

1991: 9038473 f.h. Trygve Myre, Tjørhom
ind. 113 Ring 114 Sirdal.

9038590 Busse f.h. Kristen Kylland, Fossdal
ind. 113 Ring 120 Vest-Agder.

1992: 9138892 f.h. Elling E. Åsland, Åseral
ind. 126 Ring 120 Vest-Agder.

1993: 9239014 Røseruggen f.h. Per Tjørhom, Tjørhom
ind. 119 Ring 114 Sirdal.

1994: 9339346 Mølner f.h. Birger østensen, Vanse.
ind. 115 Ring 112 Midt Agder

1995: 9439611 Vind Tor f.h. Torleif Gyland, Gyland
ind. 124 123 Ring 120 Vest-Agder.

1996: 9537742 Vind Stolt f.h. Knut Eiken, Eiken
ind. 129 128 Ring 120 Vest-Agder 127.

1997:9638063 Bastian f.h. Oddvar Galdal, Gyland
ind. 120 - 125 Ring 120 Vest-Agder.

1998: 9738480 f.h. Jostein Gyland, Gyland
ind. 118 116 Ring 120 Vest-Agder.

1999 9238713 Stintegur f.h bemt sløgedal. Øyslebø
ind 115-122. Ring 112 Midt Agder

20009939169 Topp rafoss f.h Ove Rafos, Kvinesdal
ind 126-118. Ring 120- vest Agder

*Frå 1974 har Vest Agder Landbruksselskap gjeve ut ei sølvskei til beste indekser i sin årgang.*

# Historikk frå lokallaga:

**Eiken saualslag**
Interessa for sau har stått sterkt i Eiken. Det føreligg møtebok for saueal slaget i Eiken frå 1943, men truleg har laget og vore i drift tidlegare år. Desse første åra var det særleg ting i samband med sauesjået som vart drøfta. Elles var hanndyrlova teken opp som sak. Det vart vedteke at alle som vart plaga av framande verar om hausten skulle melda frå til sauealslaget, så skulle laget i fellesskap ordna opp etter lovene. Det vart og gjort vedtak om å ha ein felles sankedag i kring 20. oktober for å samla inn alle sauene som vart att i fjellet. Seinare vart denne datoen endra til 10. oktober. Klyppekontroll for verar som skulle møte på sjåa vart tidleg innført . Vedtak om at det dåverande sauealslaget skulle inngå i Norsk sau og geitealsalg vart gjort på årsmøtet den 2. februar 1948. Som styre for laga vart desse valde: Tobias Hange, formann. Dei andre i styret: Andreas G. Tveiten, Tore Vatne, Lars K. Vatne og Olav Handeland, Meland. Alle desse i styret var interesserte sauekarar. Elles må Andreas J. Vatne nemnast som ein førstegangsmann. -John Tveieten og Mathias O. Vatne var og av dei som tidleg følgde opp.
Eiken sauealslag satsa på kvalitet og kjøpte veren Solgut 3203 frå Voss i 1947. Solgut gjorde det svært bra i Eiken. I 1949 møtte han med avkom- berre etter 2 års bruk og nådde ein god 2. premie for gruppa si. Dette var nok den første veren i landert av Dala som nådde 2.premie. for avkom.
Landsdelsjået på Voss hausten 1958 stadfesta at Eiken-sauen var langt framme: Veren Breirugg 10248 t.h Sigmund S. Handeland, utstillar John Hange, fekk 1. premie og stod som nr i kv.. John Tveiten fekk ein god 2. pr. for for alle dei tre risbitane han mønstra. Søya Soløyra, eigar Ingvald Å. Eiken fekk sølvpokal som beste morsau og kjempa til John Vatne kom og langt fram av søyene. 3 gimrar fekk 1. premie: Sigmund S. Handeland for Solmøy. Olav Thorsland for Solmøy og Lenka som og vart nr 2 i kv.
På landbrukets jubileumsutstilling- Ekeberg 1959 vart før omtala Breirugg liksom året før nr 2 i kv. Og søya Kjempa kom og som nr 2 i kv. Gimra dalafinn eigar, John Hange, fekk sølvpokal som beste hodyr av Dala.

Ulla på sauene i Eiken har vore mykje god. Hausten 1959 vart mange av ullfellane på dei premiera risbitane sendt inn for klassifisering og analyse. Det synte seg då at ullfellen frå ein av risbitane frå Eiken kom på landstoppen av dala med spinneemne 52 s.
I åra som følgde hevda verane frå Eiken seg svært godt og stod fremst på fleire av dei store sjåa i landet. Av oppalarane må særleg nemnast John Haugen og Olav Georg Tveiten. Dei har i høg grad vore med og gjort Eiken namnet kjent.
Krav om avdråttskontroll vart innført i 1961. Sauealslaget fekk fylkesagronomens si godkjenning for at 2 mann tok seg av veginga og Olav Thorsland førde samleliste.
Johan Vatne overtok i 1963 som vegekontrollør og Olav Thorsland førte som før listene. frå 1967 hadde jordstyreassistent Olav Vatne arbeidet med sauekontrollen. Etter at han overtok produksjonsrettleiaren i meiereibruket.

Framlegg om utsetjing av jakttida og søknad om høgding av skotpremie for rev vart sendt Eiken kommunestyre og viltnemnda. Den tidlegare jakttida har vore oppe til drøfting og uttale på fleire møte fram gjennom åra.

Liksom dei andre lokallaga i Vest Agder var Eiken sauealslag utmeldt frå N.S.G i åra 1969,69 og 70.

**1970. Framlegg til nye reglar for sauesjå**

Samrøystes vedtak vart: "Eiken småfelag har diverre fått lita tid til å sette seg inn i korleis desse nye reglane vil verka. Men så langt ein ser det no er det dei store saueflokkane som vert tilgodesett. Likeså dei større sauebygdene. Utkantstrok og dei små saueflokkene lid skada og vert helst sett utanfor (verar kan få 1. premie med 4 poeng i eksteriør. Dette meiner me er latterleg). Ein finn difor ikkje å kunna godta desse nye reglene for sauesjå".



*Brygar 773059, indeks 125. 20/10 - 79*

Same året var det 50 år sidan første sauesjået i Eiken. Laurdag 3. oktober var det jubileumssjå. Sentralsjået vart det året lagt til Eiken. Landbruksdirektøen hadde gjeve løyve til at reglane frå 1965 kunne nyttast. Det vart gjeve 1. premie til to vaksne verar-Vårdag og Eikon, begge verane t.h Olav Georg Tveiten, men andre eigarar då. Same oppalar hadde spissen av risbitane og gjorde det og skarpt i hodyrklassen. Sauefolk frå Agder og elles heile Sør-Noreg var representert. Om kvelden var det stor festleg samkom i Eiken skule.

Ordninga med organisert sauesanking kom i gong i 1970- seinare er dette endra til organisert beitebruk om omfattar nå sau, storfe og geit. Hekkfejellvidda beite og sauesankelag kom i gong frå 1970. ~~Siste åra har dette laget blitt utvida med nokre buskapar frå Kvinesdal.~~ Blåberg sauesankelag starta opp i 1974. Nøkland- Rossevatn sankelag kom i gang frå 1977. Siste åra har dette laget blitt utvida med nokre buskapar frå Kvinedal. Nordhei sauesankelag blei registert i 1978 og i 1998 gjekk dette laget saman med Blåberg sauesankelag. I år 2000 er så godt som alle som soknar til Eiken Sauealsalg med i organiserte lag.

I årsmeldinga frå 1972 sto det: " Året har ikkje berre vore eit gledesår for sauealsalget. Me mista det årlege fylkesjået for sau i Eiken. Eit sjå som me har hatt i innpå 30 år. Den 22. september vart det fyrste private sjå for sau halde i Eiken og 29. september vart det haide offentleg bygdesjå.

Til jubileumsåret i Kvinesdal 11. oktober 1980 møtte Ånen Bryggeså og Steinar Skoland med sau.

Av saker som laget har arbeidd med, nemnast:

- Mædisituasjonen og rogalandssauen,
- Ull-levering
- Om lov om viltet
- Revisjon av gjerde og beitelovgjevinga
- Tilskott til sauekontrollen
- Opplegg for organisert innkjøp og utleiege av kåra verlam
- Utvida bandtvang for hundar
- Søknad om fellingsløyve for jerv
- Pulpy Kidney vaksine-gratis til medlemene
- Skotpremie på gaupe
- Merking av sau på beite-raud-grøn-blå syner lammetal
- Uttak føre jordbrukstingingane
- Brev til direktoratet for vilt og innlandsfisk med klage over utbetaling av erstatning for skada valda av freda rovvilt
- Atomkraftulukka i Tsjernobyl-måling-nedforing
- Aksjonar for saue og lammekjøt
- Fleirbruksplan for Setesdal.Vesthei Ryfylkeheiane-høyring
- Kurs-godt norsk
- Kurs-utmarksbeiter
- Løyvd tilskott " Stem nei til EU"
- Brev til Hægebostad formannskap- ein ber om at nåverande bandtvang for hund blir endra- Sauealslaget og næringa tapte kampen om delar av den utvida bandtvangen
- Scrapie-sjuka i Rogaland

## Øvre sirdal sauealslag

Øvre Sirdal Sauealslag vart stifta i 1950 og 18 stk meldte seg inn som medlemmer. Fyrste formannen var Salve Ousdal, han var formann frå 1950-1959. Medlemstalet var då kome opp i 44 stk, om lag det same som i dag. Åra 1977-1980 hadde laget størst tilslutning med 53 medlemmer. Den som har vore medlem lengst er Per Tjørhom. Han har vore i laget sidan 1952 og er framleis med i laget. Per driv aktivt med sau og er ein god saueal. Han er aktiv i vereringen og har svært gode sauer. I 1965 vart verelaget stifta. Laget vart stifta som lutlag og 13 stk gav 2700 kroner og kommunen ca 1500 kroner til innkjøp av verar.
Kommunen gjev tilskott til flytting av veren om hausten i paringa.
Øvre Sirdal har store beitevidder som stort sett vert leigd vekk til jærbuar. Den fyrste tida ( ca 1840) med leigegjeting av storfe og småfe. Rundt 1900 blei sauene sleppte fritt med tilsyn. Då måtte gjetarane gå og passa på at sauene ikkje kom heim i utslåttene til bygdefolket. Seinare har det kome gjerde. Saueinteressa er framleis stor i Øvre Sirdal. Ein håpar dette vil fortsette.

*Formenn opp gjennom åra:*

- *Salve Ousdal*
- *Ådne T. Tjørhom*
- *Jørgen Valevatn*
- *Torjus Fidjeland*
- *Jan Tveiten*
- *Taral Ødegård*

- *Ingval Wik*
- *Tom Nesset*
- *Bjarne Fidjeland*
- *Torfinn Nessset*
- *J. Haugen*
- *O.S Skreå*
- *Torleiv Lye*



*Beste spællam Sirdal 2000.*
*Fv. Laila Helleberg m. dotter, Ola Sigurd Skreå, mannen til Laila.*

***Midt-Agder saualslag***

Dette saualslaget er det siste som blei starta i Vest-Agder. Midt-Agder saualslag dekkjer no kommunane Kristiansand, Vennesla, Songdalen, Søgne, Mandal, Marnardal og Audnedal. Spesielt for desse kommunane er, at ingen av dei er typiske saue-kommunar. Miljøet mangla for oppstart av lagsverksemd. Men det mangla ikkje på interessen for sau hjå ein del eldsjelar. I mars 1968 var ivrige sauefolk samla på Mølla skole i Øvrbø, og med god hjelp av Gunnar Fløgstad blei laget stifta. Bjarne Håberg var fyrste leiaren, og han hadde vervet i dei 7 fyrste åra. Mykje av hensikten for lags-stiftinga var å få igång organisert avl. Så på same tid og stad blei Midt-Agder verering stifta.

## Lyngdal sauealsalg

Lyngdal sauealslag er stifta i 1964. Blant de som var mest aktive for å få laget i gang, kan nemnes Alf Øksnevad og Gunvald Tøge. Øksnevad ble valgt til den første formannen. Laget fikk ganske snart medlemmer fra Lindesnes og etter hvert Mandal. De første årene var fylkesagronom Gunnar Fløgstad med på alle møtene og orienterte om foring og stelling av sau. Ellers fikk laget i gang saueutstilling, organisert sending av sau på heiebeite i Knaben og innsamling og felles levering av ull. Det ble og kjøpt inn doseringspistol for snylter-behandling og vekt som medlemmene kunne bruke. Foring, stell og sykdomsbekjempelse har laget arbeidet med i alle år. Videoen om lamming har vært vist uttallige ganger på årsmøtet. Ellers har vi hatt klippekurs, gjeterhundkurs, deltatt på åpen gård arrangement, hatt stand på dyrskuet i Lyngdal og gitt lammekjøtt i gave til skolekjøekkenet på ungdomsskolene i Lyngdal og Lindesnes.
Interessen for sau og dermed for laget har variert. De første årene lå medlemstallet på rundt 30-40. En periode i 70- årene var aktiviteten svært liten. Siden tok det seg opp og rundt 1990 hadde laget over 100 medlemmer. I dag er det igjen nede i rundt 40.

## Kvinesdal sauealslag

Kvinesdal sauealslag blei starta juni 1947. Den første formannen var den kjente dalasaumannen Tønnes Tjørnhom. Årskontingenten da var kr 5,-
Det som har fremhevet sauealslaget i bygda er nok den høge kvaliteten på den reinrasa dalasauen. Sauesjåene i bygda er landskjent og mang ein saueinteressert har vore i bygda og kjøpt seg livdyr. Kvinesdal er i dag den største sauebygda i fylket og miljøet i laget er godt. Formann er nå Børge Hauset og laget har 56 medlemer.



*9129025 Vind Fin, Mønstra Kvinesdal 1994.*
*Odd Åmland i forgrunnen*

## Fjotland sauealslag

Det har ikkje vore mogleg å oppspore dei første protokollane, men reknskapsboka er tilgjengelig. Den første fortel at reknskapsåret 1946, opnar med ei behaldning på kroner 51,37. Då må ein gå ut i frå at laget er blitt starta i siste halvdel av 1945. Reknskapen for året 1946 fortel elles om at laget fekk eit tilskott frå Fjotland kommune på kroner 500,00 og eit tilskott frå landbruksselskapet på kroner 200,00. Initiativtakar og eldsjel i oppstartinga av laget var Jakob Helle. Han var og formann dei første åra. Saman med Oskar Røyseland reiste dei til Åseral og kjøpte inn gode verar. Rasen var Dala. Verane gjekk under namnet foreiningsver. Alle som ville bruka sauen kom gåande, leiande med sauen eller køyrande. Betalinga skjedde etter lamming. Prisen var gradert, men ein betalte kroner 5,- dersom sauen kom med tvillingar. Først i året 1950 kan ein finne ut noko om medlemstalet. Då hadde 41 medlemmer betalt kontingenten som var kroner 1,50. Medlemstalet fram til 1964 har variert frå 41 til 33. Det einaste ein kan finne ut om aktiviteten i laget dei fyrste åra er at det har vorte halde årlege sauesjå. Sjåa vart halde på Røynebuplassen. Mange møtte fram med dyra sine og mange møtte fram som tilskodarar. Det viser at saueinteressa var stor. Enkelte gonger var det og mønstring av buhund, dentids gjetarhund. Domar dei fyrste åra var fylkeagronom Kristen Histøl. Viktige ting på sjåa var veksta på dyret, at det presenterte seg med god eksteriør og god ullfell. Ein kosteleg historie er om kona på ein gard attmed vegen som vakna tidleg ein morgon av bjølleskrammel i hagen. Ho kikka ut av vindauga og ser ein mann liggje på det eine kneet og heldt ein ver i band. Veren beitte mellom ripsbuskane. På spørsmål frå kona svara mannen: "Væren skal veies klokka 8 og i ringen klokka 9". Han var på veg til sauesjå og hadde visstnok lite tøa heime. Elles var oppfinnsomheten stor når det gjaldt å bevare "utseende" på veren. Blant anna blei det sydd regnfrakk. I 1965 var aktiviteten i laget liten, og dermed vart laget slått saman med Kvinesdal. Då det nye offentlege avlsoplegget, med verering og innkryssing av andre rasar kom på begynnelsen av 70-talet, blei det ein heftig debatt mellom dei som ville ta vare på den gamle dalaarasen og dei som ville gå inn i det nye systemet. I 1975 blei Fjotland eige lag att med 24 medlemer. I 1991 var det eit felles styremøte att med tanke på samanslåing. Dette blei avvist på møtet. Laget har no 40 medlemer. Laget er medarrangør av sauesjå i Kvinedal, organiserer ullinnsamling og driv eit aktivt gjetarhundarbeid. Me har skaffa oss eigen treningsbase og arrangerer kurs. Nokon av medlemene er med i sauekontrollen, verering og verehaldslag. Fleire møter med dyr på sauesjå. Formenn dei siste åra har vore:

- 1975-1980 Gunvald Vatland
- 1981-1982 Kjell Sverre Trodahl
- 1983-1984 Ansgar Harbakk
- 1985-1988 Martin Harbakk
- 1989-1989 Arne Røyland
- 1990-1991 Ansgar Harbakk
- 1991-1997 Melvin Galdal
- 1998- Knut Risnes

## Åseral saualsalg

Året 1950, den 27 februar vart Åseral Sau og Geitalsalg skipa. Det teikna seg 17 lagsmedlemmer på skipingsmøtet. Til det fyrste styret vart desse vald: Olav Eikerapen, Trygve Kaddeberg, Olav O. Thorsland, Gunnleiv Eiken. Jakob Forgard. Jens M. Forgard vart vald som revisor. Av desse er det berre Jens M. som lever i dag.
Ei av dei fyrste sakene var å oppretta ei nemnd som skulle arbeide med sams sauesanking. På fyrste årsmøtet 31.3.51 vart styret pålagt å arbeida med skiping av fylkeslag for sau&geit. Åseral saualslag er dermed 1 år eldre enn fylkeslaget.

**Lista sauavlsalg**
Laget blei stifta 19. april 1955 etter initiativ fra Lista Jordstyre. Fylkesagronom Histøl var til stede og ga råd og rettledning til de frammøtte saueeierene. Det ble holdt valg. Ole Djøseland ble første formann. Øvrige styremedlemer ble Bernhard M. Brekne, Alfred Torp, Peder Pedersen og Eigil Leirvik. Det nystartede laget hadde 14 medlemmer som til sammen hadde 58 sauer og 7 verer. Kontingenten ble kroner 5,-. Opp gjennom årene økte medlemsmengden og sauetallet. De første årene arbeidet laget med å skaffe medlemmene beiteområder, først i Åseral, siden på Knaben og i Sirdal. Et eget beitelag ble dannet, og mye tid er brukt på å skaffe lokale fellesbeiter. Dette arbeidet har ikke alltid lykkes like godt.
Alt i fra starten var medlemmen opptatt av opplysningsarbeidet for medlemmene. Innkjøp av klippemaskin og sauevaskeri var tidlige investeringer. Innsamling av ull, fremme avlsarbeid (danning av verering) sauekontroll og utstilling har hele tiden vært sentrale oppgaver. Medlemstallet har variert en del. 10 år etter stiftelsen var det 31 medlemer, men utover 1960-årene og først på 70-tallet var interessen laber. Det førte til liten aktivitet. Dog holdt en liten kjerne arbeidet i gang selv om enkelte årsmøter bare hadde en oppslutning på 4-5 medlemmer. Striden innen Norsk Sau og Geitalsalg gikk heller ikke upåaktet hen i vårt lag. På årsmøtet i 1967 ble det enstemmig vedtatt å følge instillingen fra Vest Agder Saualsalg om å melde seg ut av Norsk Sau og Geit. Året etter besluttet laget å opprette Lista Småfelag og meldte seg inn i Vest Agder Småfelag. På årsmøtet i 1971 sluttet laget seg til forlik mellom Norsk Sau og Geitalslag og Norsk Småfelag. Opp gjennom 1960, 1970 og 1980- årene var fylkesagronom Fløgstad en trofast støttespiller på alle årsmøtene. Hans opplysningsarbeid har satt spor etter seg, enten det gjaldt fôr, avling eller orientering om forsknings- og forsøksarbeid. Aktiviteten i laget steg igjen. I 1981 ble det levert 700 sekker ull, og Lista sauavlsalag var kanskje fylkets største i de årene (Svendsvoll perioden).I 1983 hadde laget 2515 vinterfora sau. Det var noenlunde det samme som Åseral. Bare Sirdal lå på et høyere dyretall (5131). Går en derimot tilbake til 1918 (lenge før sauelagets tid), var Lista fylkets største sauebygd med over 5000 dyr. Opp gjennom årene har medlemstallet variert noe med en topp i 1995 på 115, inklusiv hustandsmedlemmer. Kanskje har vi vært nede i en bølgedal de siste årene, mye tyder på at laget er på vei oppover igjen.
Opplysnings/skolearbeid har hele tiden stått sentralt. De siste par årene har laget gitt et lammeslakt til de to ungdomsskolene i kommunen. Det har blitt svært godt mottatt, og elvevene har vært ivrige deltakere når slaktet parteres. Et annet PR- framstøt er at laget har stått for grilling av sauekjøtt på Kaperdagene i Farsund i flere år.
Flått har blitt et økende problem, og laget har engasjert seg i et prosjekt i samarbeid med Institutt for Småfeforskning. Samarbeid med distriktveterinæren og veterinæren i kommunen er også veldig godt. Disse stiller velvillig opp på møter og orienterer. Laget har i alle år hatt en del ildsjeler. Flere burde nevnes, men det får bli i en annen anledning. Laget har utnevnt 4 æresmedlemmer, bare to av dem lever i dag. Det er Olav Djøseland og Bernhard M. Brekne.
Styret i år 2001 består av:

- Olav Løtveit — formann
- Tor Torkildsen — nestformann
- Stein Klungland — kasserer
- Anton Kjørrefjord — sekretær
- Øyvind Stenberg — styremedlem

**Tonstad Sauelag**

Tonstad sauealslag vart skipa 13/12-1947 og skulle vere for saueigarar i Tonstad kommune. Laget skulle gjennom fylkessamskipnad stå tilknytta til Norsk Sau og Geitalslag. Landssamanskipnaden sitt framlegg for normalvedtekter vart lover for laget. Hovudaktivitetar har vore dyrskuen på Tonstad fram til 1967, fagmøter, ullinnsamling, utleige av kåra verlam, samling og kjøp av utstyr til felles bruk ; sauevekter og slipemaskin. Tonstad sauelag melde seg ut av NSG 1/7-1967. På årsmøtet same år vart det nye namnet Tonstad Småfelag fram til 1972. frå den tid har namnet vore Tonstad Sauealslag. Etter kvart som Sirdal kommune vart utvida i sør, vart saueeigarar i desse områda innlemma i sauealslaget. Desse har vore formenn. Carl O Fintland, Rolf Tonstad, Anton Hompland, Tor Tonstad, Samuel Tonstad, Asbjørn Gedrem, Magnus Punktervold, Olav M. Hompland, Arne Larsen Jødestøl, Roald Ribe, Gunstein Feed, Bjørn Josdal, Sven Haughom, Tom Inge Liland.



*Eliteverar mønstra, Vanse 30.09.00.*

***Flekkefjord sauealslag***

Laget blei stifta i 1986. Det var ein fusjon mellom tre saualslag; Gyland-, Bakke- og Nes saualslag. Av desse var Gyland det eldste laget. Det blei stifta i 1956 og Lars A. Nedland var den fyrste leiaren, han hadde vervet i 6 år. Årsaka til at laga blei slått saman, var at alle laga var små, og det var ikkje enkelt å skipa til aktivitet. Den fyrste leiaren i Flekkfjord saualslag var Olav Gyland. Sauesjået på Gyland heldt fram heilt til dette sjået gjekk inn i sauesjået i Kvinesdal. Det skjedde midt på 90-talet då det blei restriksjonar på sauesjå i det heile tekje, og det blei eit ønskje å redusera tal sjå der det var praktisk mogleg.



*Topp sløytlam - Søgne 2000.*

EIK SENTERET

Utstyr du trenger til vedhogsten

- JONSERED MOTORSAGER
- VERNEBUKSE
- SKOGSHJELM
- VERNESTØVLER

Åpningstider:

Mandag - fredag kl.: 07.30 - 16.00
Torsdag til kl.: 19.00
Lørdag Kl.: 09.00 - 14.00

Agnefestveien 30 - 4580 LYNGDAL - Tlf.: 38 34 42 44

SINNES MASKIN

4580 LYNGDAL TLF. 38 34 58 65

Motorsager - Traktorer - Redskaper

Jonsered DEUTZ FAHR HONDA

K BANK

Vi Gratulerer

Vest - Agder saualslag.
Med 50 - års jubileet.



# Slakteri, Livdyrhandel & Ullmottak

**SLAKTERI** og Livdyr 51-682100
Ullmottak 51-434393

**FATLAND GIR GOD BONUS**

Alle produsenter vil få bonus på lam, storfe og gris. Ta kontakt med Fatland Jæren, og vi vil informere om vårt tilbud til produsentene. Det er 10.000 bønder som velger Fatland i dag, på grunn av god slaktepris, nødslaktordning, livdyrhandel og andre nyttige tilbud.

***Fatland - det lønner seg!***



# Nettbank - Bank på Internett



**NETTBANK er en lett tilgjengelig og effektiv løsning for banktjenester på Internett. Hovedmenyen for banktjenestene er inndelt som følger:**

**Kontoinformasjon - Online kontoinformasjon som inkluderer dagens transaksjoner.**

**Forfallsmappe - Oversikt og kontroll over betalinger som har forfall frem i tid.**

**Betaling til mottakere i Norge-Regningsbetaling**

**Overføring - Rask og grei overføring mellom egne konti.**

**VELKOMMEN inn til en prat om NettBank!**

**SPAREBANKEN SØR**

www.sparesor.no

# FISKÅ MØLLE A.S

## *KRAFTFÔR - GJØDSEL - SÅVARER*

## Fiskå Mølles fôrsortiment til sauer:

Fra 4 uker før lamming og fram til beiteslepp:
KUFÔR 105 NØYTRAL eller MELKETOPP LÅG.
Er søya mager anbefales spesielt Melketopp Låg.

**NB!** Nye bulkrabatter fra 1. Januar 2001.
Trinn og satser for bulkrabatt vil være:

| | | |
|---|---|---|
| Levering: | Min. 6 tonn | 1,0 % |
| | Min. 9 tonn | 1,5 % |
| | Min. 12 tonn | 2,0 % |
| | Min. 15 tonn | 2,5 % |
| | Min. 18 tonn | 2,75% |
| | Min. 21 tonn | 3,0 % |

| | 40kg sekk | 100kg bulk |
|---|---|---|
| KUFÔR 97 LÅG | 112,30 | 224,90 |
| KUFÔR 97 HØG | 117,20 | 236,90 |
| KUFÔR 105 N | 115,80 | 233,50 |
| PARAT MELKETOPP | 124,70 | 255,70 |

Fiskå Mølle AS
Sjølystv. 8
4610 Kristiansand

Telefon 38 12 77 50
Telefax 38 12 77 51
Bankgiro 8160.07.19130

# Vi merker levende verdier



- Combi øremerker i plast
- Pat øremerker i metall
- Bjøller og klaver
- Rekvisita

*Ledende leverandør av merkeutstyr for husdyr.*

**Os Husdyrmerke-fabrikk a/s**

POSTBOKS 70, 2550 OS I ØSTERDALEN. TLF. 62 49 77 00 - Fax 62 49 71 74

# NEW HOLLAND TN-D serien



Velutstyrte lettvektere med 3-syl. motor 50, 60 og 72 hk.
TN-D serien er unik ved at brukerne kan velge spesifikasjoner, utstyr og komfort som hittil bare har vært tilgjengelig på større traktorer.

A·K maskiner

**VIGELAND**
4520 Sør Audnedal
Tlf. 38 25 73 00

Sira-Kvina kraftselskap

# Vi forvalter naturens krefter

Sira-Kvina kraftselskap
4440 Tonstad
Telefon: (+47) 38 37 80 80
e-mail: info@sirakvina.no
Telefaks: (+47) 38 37 80 02
www.sirakvina.no

# Ny bruker?

**Har du overtatt fra nyttår?**
**Kjenner du noen som skal overta?**
**Bli kjent med**
**nybruker-rettighetene dine!**

***Ta kontakt med nærmeste medlemskontakt***



Sør-Rogaland:
**Solbjørg Tveit Wiig**



Nord-Rogaland:
**Svein Svensen**



Agder:
**Per Bjørn Øen**

- og avtal tid for en prat

**Det kan lønne seg!**

## Gilde Vest BA

Tlf. 51 57 45 00


Horjen ✱ Libris - avd. trykkeri